

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: JIÅ/ KD

Dato: 08.12.2021

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/21-23

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 03 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2021-2023

Stad: Digitalt møte (Microsoft Teams)
Tidspunkt: Onsdag 08.12.2021, kl. 20.30-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 13 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 14 21-23 Godkjenning av referat frå Haustmøte 2021

RAPPORTERING

SAK 15 21-23 Rekneskapsrapport pr. 06.12.2021

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 16 21-23 Terminliste 2021-2022
SAK 17 21-23 Rekrutteringsarbeid
SAK 18 21-23 Status anleggsarbeid
SAK 19 21-23 Status rekrutteringsski

EVENTUELT

SAK 20 21-23 Praktisk gjennomføring SFE-cup
SAK 21 21-23 Hoppbråket i NSF Hopp

TIL STADES: Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Rune Pedersen, Lars Brekke, og Kennet Dvergedal (adm)

FORFALL: Johnny Seljeset

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 13 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

SAK 14 19-21

Godkjenning av referat frå Haustmøte 2021

Bakgrunn

Vedlagt er referat frå Haustmøte 2021 hopp- og kombinertkomiteen. Referatet er godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner referat frå Haustmøte 2021.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 15 21-23

Rekneskapsrapport pr. 06.12.2021

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 06.12.2021 er lagt ved som eige vedlegg. Rapporten vart presantert og gjennomgått i møtet.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering. For budsjett 2022 vedtek HKK å flytte kostnaden på kr. 6500,- frå post Hovudlansrenn til post jr. NM (kr. 3000,-) og NM (kr. 3500,-).

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 16 21-23

Terminliste 2021-2022

Bakgrunn

Framlegg til Terminliste 2021-2022 vart vedtatt på Haustmøte og sendt ut til Hordaland Skikrets og Møre og Romsdal skikrets for samhandling. HKK har fått tilbakemelding frå Hordaland Skikrets.

Terminlista 21-22 ligg vedlagt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen drøfta desse punkta i møtet:

- Tilpassa terminlista med HKK-Hordaland og Møre og Romsdal.
- Ønskjer å gjennomføre hoppaktivitet i romjula.
- Fokus på å gjennomføre SFEhopp cup renn i mindre bakkar for å leggje til rette for rekruttering, heller enn krinsrenn i store bakkar. Sende ut skriv til klubbane ang. gjennomføring av SFEhopp cup renn.
- Ønskjer å vere med på arrangementet «Sogn og Fjordane leikane» som skikrinsstyret arrangerer.
- SFEhopp cup avslutning Vikafjellet 21.-22. mai.

Hopp- og kombinertkomiteen vedtek terminliste 21-22 med endringane som er diskutert, terminlisteansvarleg følger opp.

SAK 17 21-23

Rekrutteringsarbeid

Bakgrunn

I sak 04 gjorde Haustmøte følgjande vedtak:

Haustmøte drøfta rekrutteringstiltak i møtet. Komitemedlemmane tek ansvar for rekruttering i sine regionar.

I tillegg orienterte adm. om tilsetjing av skiklubbutviklar som eit rekrutteringstiltak i skikrinsen.

Adm. orienterer om status tilsettingsprosessen i møtet.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å følgje opp rekrutteringsarbeid for sine regionar. Vidare lagar HKK eit skriv for gjennomføring av rekrutteringsarbeid og SFEhopp cup renn til klubbane. Viktig å leggje til rette for hoppaktivitet i alle typar skianlegg, implementere det i dagleg drift ved preparering av liten hoppbakke.

SAK 18 21-23

Status anleggsarbeid

Bakgrunn

I sak 08 gjorde Haustmøte følgjande vedtak:

Rekrutteringsbakken i Stryn er satt på vent på grunn av økonomi.

Rekrutteringsbakke i Førde er kjøpt inn, men plassering er ikkje vedtatt.

Hopp- og kombinertkomiteen følgjer opp plassering av rekrutteringsbakke i Førde.

Sogn Skisenter er i gong med bygging av K10 og K20 bakkar.

Hopp- og kombinertkomiteen følger opp ferdigstilling av hoppbakkane i Vik.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å følgje opp anleggsarbeidet. Hoppbakkane i Sogn Skisenter er ikkje ferdigstilte, men er i slik stand at ein kan hoppe K10 og K20 når snøen kjem.

SAK 19 21-23

Status rekrutteringsski

Bakgrunn

Skiforbundet gjorde ei fellesbestilling på rekrutteringsski hopp våren 2021. Bl.a. Hafslo IL bestilte 8 par.

Skiforbundet har hatt nokre forsinkelsar, men bestillinga på korte ski, 140 og 150cm, skal kome i desember.

VEDTAK

HKK følgjer opp bestillinga kring rekrutteringsski.

EVENTUELT

Sak 20 21-23

Praktisk gjennomføring SFE-cup

Bakgrunn

Vi må ta opp gjennomføring av SFE-cup renn komande vinter (opplegg, premiering, osv...).

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om å lage eit skriv til klubbane angåande rekrutteringsarbeid og gjennomføring av SFECup renn. Administrasjonen og HKK-leiar følgjer opp diverse materiell til SFECup hopp, premiar, beachflag, startnr.

SAK 21 21-23

Hoppbråket i NSF Hopp

Bakgrunn

Hausten 2021 har det blitt gjennomført ein prosess i NSF ved tilsetjing av ny sportssjef. Det kan stillast ei rekkje spørsmålsteikn ved prosessen rundt håndteringa av tilsetjinga.

VEDAK

HKK drøfta saka i møtet, men har for lite fakta til å kunne gjere eit vedtak. HKK-leiar koordinerar med HKK- Hordaland Skikrets, oppfølging mot styret i begge krinsane.

Neste møte i HKK: 18. januar, på teams

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jan Inge Årdal (s)
Leiar HKK

Kennet Dvergedal (s)
Referent